

Den norske kyrkja



Jondal sokneråd

Referat frå soknerådsmøte nr 03/2025

Dato/tid: onsdag 02. april 2025, kl. 19

Stad: Jondal kyrkjelydskontor

Tilstades: Trygve B Myrlid, Sveinung Toreid, Maria E Sørheim, Ingebjørg P Grøtt og Eli G Torsnes

Forfall : Ida Sofie Holmen

Frå staben: Arne Opsahl-Engen

Saksliste

13/2025	Godkjenning av sakliste og innkalling – Saklista og innkallinga til møtet vart godkjent.
14/2025	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte nr. 02/2025 - Soknerådsmøte nr. 02/2025 vart avlyst grunna sjukdom. Maria E Sørheim, Arne Opsahl- Engen og Angunn H Trå hadde eit planleggingsmøte for å ordna det praktiske i samband med visitasgudstenesta i Jondal kyrkje 23.mars 2025. Referatet frå soknerådsmøte 01/2025 vart gjennomgått og godkjent.
15/2025	Fasteaksjonen 2025 (08.04.2025) Tysdag 8.april kl 17-19 skal fasteaksjonen gjennomførast av konfirmantane og føresette. Herand: Ole-Marius og Runa Svåsand/Solesnes : Benjamin Jondal : Isabella, Tuva og Victoria Krossdalen (frå Byrkjeland og oppover) : Ivar Sætveit og Sætveithagen : Andreas Belsnes og Torsnes : Mathea Kysnes - Hessvik : Thea Arne informerer konfirmantar og føresette om fordelinga.
16/2025	Konfirmantjubileum 2025

	Det er 1960-kullet som er 50-årskonfirmantar dette året. Trygve delte ut lista han hadde fått frå kyrkjekontoret i Odda. Jubileet vert 21.09.2025. Det er same dagen som det vert konfirmantpresentasjon av dei nye konfirmantane. Etter gudstenesta vil både jubilentane og dei nye konfirmantane verta inviterte på kyrkjekaffi på bedehuset. Trygve sender ut invitasjon til jubilentane. Han skal også leiga bedehuset.
17/2025	Dugnad kyrkja- Det vert dugnad laurdag 26.april 2025 . Her vert konfirmantar, føresette, soknerådet og frivillige inviterte til dugnad på kyrkjegarden i Herand og ved Jondal kyrkje samt kyrkjegarden og kontorbygget.
18/2025	Orienteringssaker – Arne orienterte om arbeidet med gudstenesteplanen for hausten 2025. Når planen er ferdig, sender Arne den ut til medlemma i soknerådet. Denne veka er det møteveke i Jondal bedehus. På gudstenesta søndag 06.april vil talaren og songarane ta del i gudstenesta. Etter gudstenesta vert det årsmøte i Jondal sokn og deretter kyrkjekaffi i Jondal bedehus. 09.-11. mai 2025 kjem ein gjeng (ca. 35 stk) frå Vigrestad på Jæren på besøk til Jondal kyrkje. Dei planlegg tre møte her og har også invitert indremisjonen (Jondal bedehus, Herand bedehus, Tørvikbygd bedehus og Børsheim bedehus) og Lovsongsgruppa i Herand. Arrangementa er godkjende av prost Arild Hellesøy.
19/2025	Eventuelt Laurdag 13.september 2025 vert det konsert i Jondal kyrkje med Bergen mandolinorkester, Laudamus og nokre fleire. Endeleg program kjem seinare.

Møtet vart heva kl.20.15

Torsnes 03.03.2025

Eli Galtung Torsnes